

Forskrift om førebygging av Covid-19 smitte i Etne kommune, Vestland

Fastsett av kommuneoverlege i Etne 17.03.21 med heimel i Lov om vern mot smittsomme sykdommer, Kap 4.

Bakgrunn for vedtaket er aukande Covid-19 smitte i regionen

§ 1 Formål

Forskrifta sitt formål er å hindra eller avgrensa smitte av koronaviruset (SARS-CoV-2) gjennom tiltak som er tilpassa tilhøva.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld alle personar, organisasjonar og verksemder med fast eller mellombels opphald i Etne kommune.

§ 3 Stenging av verksemder

Følgjande verksemder og stadar skal halda stengd:

a. Treningsstener, likevel slik at følgjande tilbod kan halda ope:

- 1) rehabilitering og opptrening som blir tilbydd individuelt eller i mindre grupper på inntil fem personar med arrangør, for personar busett i Etne kommune.
- 2) individuell trening og behandling som krev timeavtale.

b. Symjehallar, spaanlegg og liknande, likevel slik at følgjande tilbod kan halda ope:

- 1) symjeopplæring i skulen
- 2) rehabilitering og opptrening som blir tilbydd individuelt eller i mindre grupper på inntil fem personar med arrangør.
- 3) anna individuell behandling som det kan bestillast time til og der bad er del av behandlinga.

c. Museum

d. Kino, teater, konsertstadar og tilsvarande kultur- og underhaldningsstadar.

e. Offentlege stadar og verksemder der ein held organiserte kultur-, idretts- og fritidsaktivitetar kan berre halde ope for barn og unge under 20 år.

Trus- og livssynshus kan halda ope med dei avgrensingar som følgjer av forskrifta § 4.

§ 4 Tal på personar som kan vera til stades på arrangement/aktivitet

Innandørs arrangement for vaksne over 20 år er forbode.

Unntak ved livssynssamlingar og seremoniar i tros- og livssynshus. Dette inkluderer seremoniar ved:

- Bryllaup, dåp og konfirmasjon.
 - Det er tillatt med 10 personar, eller 20 dersom alle sitter på faste, tilviste sitteplassar.
- Gravferder og bisettingar
 - Det er tillatt med 10 personar, eller 50 dersom alle sitter på faste, tilviste plasser.

Arrangement utandørs på offentleg stad kan gjennomførast med inntil 50 personar.

Private samankomstar på offentleg stad eller i leigde/lånte lokale kan gjennomførast innandørs med inntil 10 personar.

Private samankomstar utandørs på offentleg stad kan gjennomførast med inntil 20 personar.

Forutsetningane for avsnitta ovanfor er at ein kan overhalde avstandsreglane som gjeld til ei kvar tid.

§ 5 Påbod om heimekontor

Arbeidsgivarar skal sørge for at tilsette jobbar heimanfrå så langt det er praktisk mogleg.

Arbeidsgivarar skal kunne dokumentera at det er gitt beskjed til dei tilsette om korleis dette skal gjennomførast i verksemda.

§ 6 Skjenkestopp

Serveringsstadar som har skjenkeløyve etter alkohollova kapittel 4 og 5 skal ikkje utøva skjenkeløyvet.

§ 7 Stans av idretts- og fritidsaktivitetar

Det er ikkje tillate å organisera idrettsaktivitetar innandørs vaksne over 20 år. Det same gjeld for fritidsaktivitetar som organiserte øvingar, trening og prøvar for kor, korps og teater. Stemne, kampar og turneringar er ikkje tillate.

Barn og unge under 20 år kan delta på organisert kultur, trening og fritidsaktivitet.

§ 8 Plikt til å bruke munnbind

I det offentlege rom, der ein ikkje kan halda éin meters avstand skal ein bruka munnbind. Det offentlege rom omfattar butikkar, fellesareala på kjøpesenter, på serveringsstader, i trus- og livssynshus, på kollektivtransport og i lokalar for kultur-, sports- og fritidsaktivitetar.

Plikten til å bruka munnbind gjeld ikkje for barn under 12 år, eller for dei som av medisinske eller andre årsaker ikkje kan bruka munnbind.

Plikten gjeld ikkje for barn og unge mellom 12- 20 år når dei deltar på organisert aktivitet.

§ 9 Ansvar

Etne kommune tar ikkje på seg økonomisk ansvar som skulle følgje av pålagte tiltak etter denne forskrifta.

§ 10 Straff

Forsetteleg eller grovt aktaust brot på føresegner i denne forskrifta eller vedtak gitt med heimel i forskrifta er straffbart, jf. lov av 5. august 1995 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 8-1.

§ 11 Ikraftsetjing og varigheit

Forskrifta trer i kraft 17. mars 2021 kl 24.00 og gjeld til og med 5. april 2021.

I tillegg til forskrifta vil følgjande tilrådingar gjelde:

- Barnehagane og grunnskulen i Etne er på gult nivå. Kulturskulen går som normalt.
- Gruppetilbod innanfor psykisk helse og dagtilbod går som normalt.
- Unngå å reisa mellom kommunane om det ikkje er naudsynt.
- Tilråd at all trening for barn og unge under 20 år som kan vera ute, skal skje utandørs.

Nasjonale tilrådingar:

- Alle bør avgrensa sosial kontakt med andre og halde seg heime. Ein bør maks ha 5 besøkjande i eigen heim.
- Ein bør unngå fleire enn 10 sosiale kontaktar i veka.
- Ein bør halda minst 1 meter avstand til andre.